

BERGEN – GHANA TUR/RETUR

Ghana er eit land i Vest-Afrika som vart fritt I 1957. Etter fleire kupp har dei dei siste åra hatt ei fredleg utvikling. Det er eit lavinntekstland der 70 % av befolkninga på 24 million er analfabetar. Dei har fire hovedspråk i tillegg til engelsk. Landet har betydelege utfordringer med korrupsjon. Til tross for dette har Ghana den høgste gjennomsnittsinntekta i Vest-Afrika, og landet har ei fri presse. I motsetnad til Norge der vi har sterke sekulære prosessar i samfunnet, er Ghana, som resten av Afrika, eit djupt religiøst land. Cirka 70 % er kristne og 18 % er muslimar.

Helsevesenet har lav sjukepleiedekning med 2 – 3 sjukepleiarar på 40 pasienter på ei sjukehusavdeling. På spørsmål om kva som var utfordringar for dei kom ofte svaret

at dei mangla utstyr. Sjukdomsbilete er prega av ulike infeksjonssjukdomar, underernæring og for høg mødre- og barnedødeligheit. I tillegg har dei fått «vestlege» sjukdomar som diabetes og hjartekarsjukdomar.

Tverrprofessionell konferanse

Tidleg i vår vart eg, som visepresident i Nurses Christian Fellowship International, invitert til å delta på den første «Intensive Practical Multi-Professional Conference», 29. juli – 4. august ved Central University College, Miotso, øst for Accra, Ghana. Initiativtakarar og arrangørar for konferansen var William and Richard Lampsey.

Konferansen hadde om lag 110 deltarakar frå ulike faggrupper der ca 40 var sjukepleiarar. Det var eit internasjonal team som stod for undervininga med forelesarar frå UK, US, Australia, Norge og Nigeria.

Vi kom frå organisasjonar som NCFI (www.ncfi.org), PRIME (www.prime-international.org), Tricordant (www.tricordant.com), Mission to the world og Save lives International (www.savelivesint.org).

Eg hadde ein parallel sesjon med teamet "How to be Christian in health care"? Fire dagar hadde eg 2 – 3 master classes med tema "How to grow your self-awareness and thus improve your nursing care?", Dignity preserving nursing – the best way to build trust and compliance with patients" og "How to read & evaluate research articles and use it to make a difference in practice?"

Eg var spent på kva eg kunne bidra med sidan min kvardag i Norge er så forskjellig frå deira arbeidssituasjon i Ghana. Det viste seg at vi menneske er mest av alt like.



Dei internasjonale forelesarane på utflukt til Volta dammen, den største menneskeskapte innsjøen I verden.



Mary Aboagye, former NCFI IB member, Tove Giske and Joana

Alle set pris på å bli lytta til, få anerkjennning for det vi gjer, bli tatt med på samtalar som gjeld eigen arbeidssituasjon og ha leiatar som er legg rette slik at arbeidet kan utførast på best mulig måte. Deltakarane var svært interesserte i å lære. Dei var aktive og hadde mange spørsmål. Eg bruket metodar som samtale i smågrupper, tegning, deling av erfaringer, og dette fungerte godt og fekk fram erfaringane og refleksjonane dei hadde.

Nurses Christian Fellowship Ghana

Når det var bestemt at eg skulle reise til Ghana tok eg kontakt med leiaren av Ghana NCF



Joana Agyeman-Yeboah. Vi planla eit møte der eg skulle informere om NCFI og der dei fortalte om arbeidet dei gjer i Ghana.

Dagen før konferansen starta tok Mary Aboagye, tidlegare NCFI International Board medlem, meg med til to store sjukehus i Accra; Korlebu Teaching hospital og 37, det militære sjukehuset. Begge hadde medisinske, kirurgiske og intensiv avdelingar, i tillegg til føde-barsel og barne-avdelingar.

Laurdag 2. august brukte eg saman med NCF Ghana. Dei hadde samla ei gruppe på om

lag 40 sjukepleiarar, og vi hadde ei god samling med utveksling av informasjon og bønnefellesskap. NCF Ghana har eit flott slagord: «NCF – Hands that care»

Art & Science of Spiriual Care

Planen var først at eg skulle reise vidare til Sierra Leone etter konferansen for å arbeide sammen med ei gruppe sjukepleiarar der. Eg møtte ei gruppe i Freetown i 2013, og ønske var at vi saman kunne arbeide mot at dei får registret arbeidet sitt og utvikle planar for korleis dei kan bygge arbeidet sitt. På grunn av utviklinga av Ebola-viruset i Sierra Leone vart det ingen tur dit.



Dagane etter konferansen vart brukt til å undervise ei gruppe på 18 sjukepleiarar frå ulike deler av Ghana i NCFI sitt kursopplegg «Art and Science of Spiritual Care». Dette er eit undervisiningsopplegg som først vart undervist i Manila, Filippinane i 2011. Etter det har det vore undervist i Chile på NCFI verdenskonferanse i 2012, i Portugal på Interna-



Dei 18 som gjennomførte NCFI kurset Art and Science of Spiritual Care.

tional Student Conference Spiritual Care i 2013 og i USA på NCFI Regional conference no i june. Dette var såleis første gangen det vart undervist i Afrika, og eg var spent på om det ville fungere – noko det gjorde veldig bra.

Hovedgrunnen til det er nok at undervisningsopplegget tar opp grunnleggande forhold ved det å vere menneske og det ansvare vi som sjukepleiar har i datasamling og oppfølging av pasientar.

Etterrefleksjon

Folket eg møtte var venlege og hjelpsomme. Dei hadde stor glede av å lære og nokre var svært ivrige i å kunne formidle det dei lærte vidare til andre. Landet har mange naturressursare, og om dei klarer å utvikle dei til det

beste for landet, har Ghana gode økonomiske muligheter. Fleire eg møtte var opptatt av å utvikle leiatar som kunne vere med bygge landet i framtida, så eg fekk inntykk av at mange hadde håp om ei betre framtid for Ghana.

I eit land med 70 % analfabetisme betyr det å ha ei sjukepleieutdanning mykje. Ein har lært å tenke og vurdere og fått innsikt i forhold som har stor betydning for menneske sin livssituasjon. Utfordringar knytta til leiarskap og tilgang på utstyr var krevjande for mange sjukepleiarar. På spørsmål om kva som gjorde at dei holdt ut svarte fleire: Gud, fellesskap med andre kristne og ønske om å tjene landet sitt. Ghana NCF er eit levande fellesskap som studantar og sjukepleiarar finn

styrke og oppmuntring i til å leve som kristne sjukepleiarar i kvardagen.

Tove Giske